



VINJE KOMMUNE

Vinjevegen 192

3890 VINJE

Seksjon Samfunn og plan

Vår dato: 14.11.2025

Deres dato: 23.10.2025

Vår referanse 24/15644-31

Deres referanse: 2022/5495-100

Vår saksbehandlar: Hanne Birte Hulløen

Motsegna løysast - reguleringsplan for Tangen - planID 20220002 - Vinje kommune

Telemark fylkeskommune viser til brev datert 23. oktober 2025 om å løyse motsegn fremja til reguleringsplan for Tangen i Vinje kommune. Oversendinga frå kommunen viser forslag til endringar av reguleringsplanen for å komme motsegna frå Telemark fylkeskommune i møte.

Bakgrunn

Hovedutvalg for næring, industri og klima (HNIK) fremma i møte den 1. oktober 2025, HNIK-sak 80/25, motsegn til reguleringsplanforslaget for Tangen på Møsstrond i Vinje kommune. Det vart vedteke å leggje ned motsegn fordi omsynet til kulturminna ikkje var innarbeida i plankart og føresegner.

Det har vore dialog mellom kommunen og fylkeskommunen for å innarbeide dei registrerte kulturminna på rett måte i tråd med krava i plan- og bygningslova, jf. kart- og planforskrifta.

Kommunen ber nå om at fylkeskommunen fråfell motsegna.

Vurderinga til fylkeskommunen

HNIK fremma følgande motsegn:


Med heimel i Lov om planlegging og byggesaksbehandling § 5-4, blir det fremja motsegn til reguleringsplan for Tangen Møsstrond. Planforslaget tek ikkje tilstrekkeleg omsyn til dei automatisk freda kulturminna i området jamfør kulturminnelova §§ 3, 6 og 8. Dette kjem til uttrykk ved manglande innarbeiding av kulturminna i plankart og føresegner, og fleire av dei planlagde tiltaka er i direkte konflikt med kulturminna. Motsegna kan kommast i møte ved at omsyn til de automatisk freda kulturminna blir vareteke i både plankart og føresegner og at kulturminna omgjevast av omsynssone C med føresegner.

Administrasjonen i Vinje kommune sitt forslag til løysing:

Kommunen har lagt de 14 lokalitetane med automatisk freda kulturminne inn i plankartet, og merka dei som båndlagt etter lov om kulturminner (H730), og dei har òg fått omsynssoner for bevaring av kulturmiljø (H570) rundt seg. Arealformåla rundt er justerte i tråd med bevaringsverdiane.



Utsnitt av plankart datert 23.04.2025



Utsnitt av endra plankart datert 23.10.2025

Vurderinga frå fylkeskommunen:

Fylkeskommunen vurderer at forslaget til endra plankart kjem motsegna i møte når det gjeld dei freda kulturminna. Motsegna blir trekt under føresetnad av at plankartet blir vedteke slik det er foreslått endra.

Andre endringar:

Fylkeskommunen ser at dei faglege råda våre har blitt innarbeidde i føresegnene, blant anna om utbyggingsvolum, kulturlandskapsområdet, buffersona til verdsarvområdet og byggegrenser mot fylkesvegen. Vi set pris på at vår oppfordring om at turvegen ikkje skulle visast som eit eige arealformål også er tatt omsyn til.

Med helsing

Tor Arne Hellkås
seksjonsleiar
Samfunn og plan

Hanne Birte Hulløen
plankoordinator
hanne.birte.hulloen@telemarkfylke.no

Dokumentet er elektronisk godkjent og sendes utan signatur.

Mottakere:
VINJE KOMMUNE

Kopi til:
STATSFORVALTEREN I VESTFOLD OG TELEMARK
STATENS VEGVESEN